



Hei!

Mitt namn er Aina Hustveit og eg går i 4. klasse på byggjeteknikk og arkitektur og elsker livet i Ås og på REALTEK. Eg har frå dag ein engasjert meg i ein god del av det som skjer på campus og på Samfunnet, og stiller med dette til val til kvinneleg studentrepresentant til fakultetsstyret på REALTEK. Eg er ein person du kan stole på, ein god lyttar, ein som ser ting frå fleire sider, ein som ikkje er redd for å seie i frå, ei som står for det eg seier og gjer, og eg set stor pris på om du vil gi di stemme til meg.

Om eg blir valt til kvinneleg studentrepresentant til fakultetsstyret vil eg jobbe for at TF skal vere ein kjekk plass for alle studentane på REALTEK, ei god løysing på faste masterleseplassar, gode løysingar på undervisning og eksamen nå etter corona, at strategien til REALTEK blir jobba etter og har bærekraft i fokus og elles det me studentar syns er viktig å kjempe for.

Eg kjenner godt til studentpolitikken i studentrådet på REALTEK gjennom mine verv som klasserepresentant, tidlegare studenttingsrepresentant og nå sittande studentrepresentant i både undervisningsutvalet og forskingsutvalet. I tillegg har eg mykje erfaring frå andre styrer og verv frå andre organisasjonar, som Fagverket, 4H og ein ungdomsklubb. Eg har også vore aktiv på Samfunnet frå første semester både som inngangsansvarlig og nå som KS Linticket, og for UKA i Ås som NK (2018) og KS (2020) billett –og effekt.

Eg kan nok for dei som ikkje kjenner meg veldig godt oppfattast som ein stille og roleg person, som eg til tider er, men eg skal love deg at eg kan det å seie i frå og diskutere.

Godt valg!

Aina Hustveit  
[aina.hustveit@nmbu.no](mailto:aina.hustveit@nmbu.no)  
95258864